

Dato: 4. april 2023

Kontaktperson	Søkjar
Ask Fenn	Kontonummer: 6039.06.58284
Verv: Økonomiansvarlig	Org.nr: 995 251 884
Mail: askpf@uio.no	Mail: maps-kontakt@studorg.uio.no

MAPS-merch

tl;dr: Vi søker om merch. Budsjett nederst på side 3.

For dei særst interesserte:

Så er tiden kome. MAPS er ei foreining som, oss kjent, aldri har hatt noko merch. Det ynskjer vi å endre på!

Noko av det er på grunn av praktiske grunnar. Eit godt døme her kan være Will Code For Drinks-arrangementa våre. Dette har vi arrangert ved tre anledningar, og kvar gang har det vore over 100 framkomte. Ved to anledningar har det vore over 150! Som dykkar kanskje veit, går det ut på at studentane løyser kodeoppgåver, og blir lønna med bongar for kvar oppgåve dei klarer å løyse. Men kven skal dei få bongane av?

Sjå for dykk ei gruppe med helt nye studentar på IFI, som tilfeldigvis dukkar opp på dette arrangementet. Dei kjenner på ein deilig, gjennomtrengande meistringskjensle av å klare både den første og den andre oppgåva. No er dei klare for å innkassere heile to bongar, for det harde strevet. Kva no? Kven skal dei rope på? Kven kan gi dem bongane? Er det guten med de 3 bongane liggande i handa? Er det jenta som nyt ei pils ved trappa, og ler med venane sine? De blir rådvile, og forsøker seg opp til baren.

”Unnskyld, vi har klart to oppgåver no. Kan vi få bongane våre? Eller kan ein berre bestille?”

”Nei, beklagar. Du må berre vise løysinga di til Amadu (PR-ansvarleg i MAPS, red.amn), så får dykk bongane dykkar”

”Men kven er Amadu?”

”Det er han i den blå genseren”

I havet av andre menneskjer. Amadu er ikkje den einaste med blå genser denne dagen. Og dei stakar førsteklasingane, dei veit ikkje kva dei skal gjere no. Plutseleg har meistringskjensla gått over i sorg. Ei enorm sorg, over å ikkje passe inn lenger. Over å ikkje høyre heime. Alle andre har jo fått bongar? Kvifor veit vi ikkje kven Amadu er?

Her hadde det vore veldig nice om Amadu fekk lov til å være kledd i noko form for MAPS-merch. Då hadde det ikkje vore noko tvil.

”Det er han i MAPS-genseren. Den med MAPS-logoen på”, kunne bartenderen sagt.

”Aha, okey, takk!”, kunne førsteklasingen svart, med eit smil om munnen. Dagen er redda.

Vi prøvde faktisk å søkje om merch hausten 2021. Det var ein ganske enkel søknad, noke vi slang saman i full fart. Vi hadde kikket på andre foreiningar sine søknader, som f.eks. Toastjærn og Prog.sys.

Dette var derimot ei litt anna tid, og ein var kanskje litt mindre rund i kantane. Studentane skulle ikkje ha det like gøy, ein skulle ikkje være like grei. Vi fekk blankt avslag. Ikkje nok detaljer, ikkje nok planlegging rundt kor merchen skulle oppbevarast. Merchen var, i følge dei andre styra, ”ikkje nødvendig for den neste månaden”.

Frå referatet ser vi at 7 foreiningar stemte mot, 1 for, og 1 var avhalden. På foreiningsdagen det semesteret, var vi den einaste foreininga utan noko form for egen merch.

Semesteret etter var det igjen duka for foreiningsdag. Vi hadde framleis ikkje noko merch, og vi hadde fått plasseringa lengst unna sentrum. Men vi ynskjer jo å vise oss fram! Noverande fagleg ansvarleg, Jesper Dahl Norgård, kom på ein plan: Vi printar ut logoen vår på A4-ark, og teipar dei på t-skjortene våre!

Naturlegvis blei vi raringane utan merch, som hadde teipa logoen vår på t-skjorta, men det var betre enn ingenting. Og det var fint å føle at vi kunne gå med logoen vår, som vi var så stolte av. Dette var faktisk debuten til den nye logoen vår, designa av tidlegare LI:ST-medlem Annika W. Olstad. Så her var det faktisk ganske viktig å fronte den og, korleis vi enn kunne.

Derfor har vi dette semesteret bestemt oss for å verkeleg ta et tak. Frå starten av semesteret har Elias Opstad og eg, Ask Fenn, sjølvverklært søtaste guten i MAPS, bestemt oss for å finne den perfekte merchen til studentforeininga i vårt hjarte.

Vi har prøvd å få til noko som også er litt kult. Vi ville ikkje ha grå og keisam reklame! Vi så til selskap som Dune Analytics (kor tidlegare økonomi-ansvarleg Vegard Stikbakke jobbar!), som har ganske kul merch. Dei har til og med ei eiga lookbook (<https://dune.com/blog/drip-too-hard>)!

Kor fett hadde det ikkje vært å ha noko slikt på IFI? Alle foreiningane fikser noko kul merch, også brukar ein catwalken i tredje som ein faktisk catwalk. Kanskje ein kunne ordna ei foreining for dette? Eller arrangert det første arrangementet i IFIs historie der ALLE foreiningane samarbeider? Kanskje det kan være noko for de i Defi, som er så glade i samarbeid?

Vi har også tenkt at vi må halde oss litt i skinnen. Difor er det ikkje så mykje hokus pokus på denne sårt etterlengta merchen vår. Berre ein liten logo, og ein sovande bjørn på toppen. Vår maskot, ein malayisk solbjørn. Ikkje til forveksling med kva enn det er Realfagskjellaren har. Det er faktisk ganske tilfeldig at vi også har ein bjørn, men da vi fann ut at vi hadde ”herma”, så var det alt for seint. Og vi føler eigentleg at vi frontar vår meir. Eller at MAPS-bjørnen er ein større del av MAPS, enn RF-bjørnen er av RF. Gjev det mening?

Vi satt å drøfta kva merch vi skulle ha på det førre møtet vårt. Vi endte til slutt på ein mørkeblå crewneck, med ein ny variant av den no velkjende logoen vår. Hettegenser blei litt for mykje, t-skjorte blei litt for lite. Vi var også keen på nokon pennar, men det ble vanskeleg å kombinere.

Vi har fått ein fin deal av Uniprint. Det er for øvrig Uniprint foreiningar som Mikro og Toastjærn har nytta de siste åra, om vi ikkje tek feil. Vi har gjort såpass grundig research denne gangen at vi har lest tidlegare søknadar! Frå alle foreiningane! Og det er nesten like gøy som å skrive søknader sjølv. Det er også derfor våre søknadar er så lange! Og vi tykkjer at nynorsk er alt for underrepresentert i dei søknadane vi sjølv les. Det er jo eit av våre to offisielle skriftspråk her i Noreg. Kvifor er alle søknadene då utelukkande på bokmål?

Ja, denne dealen. Vi har fått ein deal på 250kr per genser, om vi bestiller eit sett med 20. Då har vi nok til heile styret, OG vi kan gje ut gensere som premie under diverse arrangementet. Vårt siste arrangement, programmeringskonkurransen Spring Challenge, avholdes 22. april. Her hadde det vore ypperlig å premiere nokon av dei flinke studentane med slik ein flott genser.

Budsjett

Genser	250kr x20
Totalt:	<hr/> 5000kr

Med venleg helsing,

Ask,

Økonomiansvarlig